

Til

## eigarar av påmelde hingstar til Nordfjordeid og Målselv 2020

Koronautbrot og påfølgande statlege og lokale restriksjonar både på reising og samlingar av folk, har i år gjeve oss alle ei utfordring med tanke på den tradisjonelle utstillinga for fjordhestingstane på Nordfjordeid. Vi har funne det riktig å innrette oss etter dei råd som er gitt, og slik ikkje utsette dommarar og hingsteeigarar for unødig smitterisiko.

Styret i Norges Fjordhestlag har valt å avlyse hingsteutstillinga for 2020, men har likevel eit stort ynskje om at det må leggast til rette for avl av fjordhest som i eit vanleg år. På bakgrunn av dette har styret og avlsutvalet i Norges Fjordhestlag vedteke følgjande:

Dei eldre hingstane, klasse 1A, får utsetting for å visast til 2021. UB-hingstane, klasse 2A, får behalde si avlsgodkjenning for eitt år til og vert bedde om å kome til UB og ny visning for vidare avlsgodkjenning/premiering i 2021.

Eldre hingstar, klasse 1B, som tidlegare ikkje har kårings- eller premiegrad, vert ikkje vurdert i år, men kan kome tilbake for vurdering i 2021.

For NFL er det viktig å få dei unge hingstane på 3, 4 og 5 år inn i avlen, men med denne unntakssituasjonen med korona i år, er det ikkje mogleg å samle dei i grupper eller reise rundt for å ha heimekåring av desse hingstane slik vi har ønska. Det er difor ikkje mogleg å gje ei dommarvurdering av dei aktuelle hingstane.

Norges Fjordhestlag vil difor gje midlertidig avlsgodkjenning på alle fjordhingstar meldt til førstegangsvisning i klasse 2b og klasse i 2020. Alle hingstane må gjennomføre ei helseundersøking utført av lokal veteranær. Norges Fjordhestlag vil engasjere leiar i kåringsnemnda, Nils Ivar Dolvik, og utstillingsveterinær på Nordfjordeid, Torbjørn Nes Hjelle, til rettleiing av dei lokale veteranærane. Dei vil også vurdere helseattestane som vert sendt inn, og slik sikre at hingstane som vert sett i avl fyl krava i avlsplanen for helse, haldbarheit, avteikn og diskvalifiserande lidinger.

Hingstar meldt i klasse 2b som tidlegare har fått 0 pr. får ikkje avlsgodkjenning for 2020, men vert bedne om å komme tilbake for ny vurdering av kåringsnemnda i 2021.

Tildeling av midlertidig avlsgodkjenning for 2020 til alle førstegongsinnmelde hingstar i klasse 2b og 3 som fyl helsekrava i avlsplanen, meiner Norges Fjordhestlag er den mest rettferdige løysinga slik situasjonen er i år. Det fører til at det vert mange hingstar tilgjengeleg rundt om i landet, ein tek vare på alle aktuelle individ og går for å ta att selekteringa av dei på utstillinga i 2021. Hingstane skal innmeldast og stillast i klasse 2b i 2021.

Hingstane som vert godkjente etter vurdering av veterinærattest vil få ei kvote på 5 hopper for 2020. Hingstar som vert leidt eller kjøpt av lag får ei kvote på 20 hopper.

Hingstar som er meldt inn, men som etter styret sitt vedtak ikkje vil få vurdering i 2020 (hingstar i klasse 1A, 1B, 2A og dei i 2B med 0. pr frå før) vil få refundert innmeldingsavgifta.

Styret sitt vedtaket vert kunngjort 02. april saman med løysningane dei andre særnorske hestersane har valt å gjere denne sesongen.

Eigarar av hingstar som er aktuelle for midlertidig avlsgodkjenning har frist til 25. april med å levere helseattest frå lokal veterinær. Veterinærattestskjema utarbeida av Norsk Hestesenter skal nyttast, og attestar returnerast til [post@fjordhest.no](mailto:post@fjordhest.no).

Som del av veterinærundersøkinga skal hingstane målast og undersøkast for kvite avteikn. I tillegg krev Norges Fjordhestlag at ein får inn mest mogleg dokumentasjon av hingstane til hingstekatalogen for 2020. Det skal sendast inn ein video som viser hingsten i køyring med vogn, og ein video av mørstring der hingsten vises oppstilt og i skritt og trav (kvar video må vere minst 30 sekund). I tillegg vil ein ha oppstilte bilde frå sida og av frambeinsstillinga til hingsten. Leveringsfrist for dette er også 25.april, saman med veterinærattesten.

Styret har også bestemt at alle aktuelle hingstar skal fargegentestast. Detaljar for korleis dette gjerast vert sendt til hingsteeigarane saman med veterinærattesten som skal nyttast til helsesjekken.

Styret vil den 2. mai kunngjere kva for hingstar som er midlertidig godkjent for avl i 2020.

Norges Fjordhestlag er stolte av kunnskap og fagleg dyktigheit hjå oppdrettarar og utstillerar og ikkje minst i lokallaga rundt om i landet. I eit slikt unntaksår, utan høve til eksteriørbedømming av dei nye hingstane, set vi vårt til kunnskapen ute i fjordhestmiljøa og håper laga vil plukke ut dei beste unge hingstane til avl i laga, og at oppdrettarar finn gode avlskombinasjonar mellom hoppe og hingst i hele landet.

Vi vil gjennom våren oppmode fjordhestmiljøet til å bruke 2020 til bedekke hoppene sine. Når så mykje anna stoppar opp, kan vi likevel finne fellesskap og glede med fjordhesten gjennom avl og lokallagsarbeid.

Mvh

Styret i Norges Fjordhestlag